

Referat frå årsmøtet i Vestnes sogelag

Dato/stad: 26. august 2021 kl 19.00 på Vestnes bibliotek. Frammøtte: 23 personar.

Sak 1 Konstituering av årsmøtet

- a) Godkjenning av innkalling og sakliste.
Desse vart godkjente.
- b) Val av møteleiar.
Bjørn Flate vart valt til møteleiar.

Sak 2 Årsmelding frå styret 2020

Årsmeldinga frå styret vart opplest av Mary Ellingseter Skram. Denne vart godkjent.

Sak 3 Årsmelding frå skriftstyret

Årsmeldinga frå skriftstyret vart opplest av Martinus Løvik. Denne vart godkjent.

Sak 4 Årsmelding frå fotogruppa

Årsmeldinga frå fotogruppa vart opplest av Olav Hole. Denne vart godkjent.

Sak 5 Regnskap 2020/budsjett

Regnskapet for 2020 vart lest opp av forretningsfører Hallgeir Anderson. Regnskapet hadde eit underskot på kr 13.380,50. Regnskapet vart godkjent. Dette var hans 24. og siste år som forretningsfører for sogelaget, og han blei takka for lang og god innsats.

Sak 6 Val

Valnemnda si innstilling til årsmøtet 2021 vart lagt fram av Torhill Sellereite. Årsmøtet godkjente valnemnda si samla innstilling. Desse vart valt:

Styret:

Leiar:	Morten Øveraas	ny for 1 år
Styremedlemmar:	Eli Skavnes	ikkje på val
	Lars Sigmund Kleive	ikkje på val
	Tordis Sivertsen	ny for 2 år
	Tore Tomren	ny for 2 år

Skriftstyret:

Leiar:	Martinus Løvik	attval for 1 år (Kontaktperson til styret)
Styremedlemmar:	Einar Baltzersen	attval for 1 år
	Petter Inge Bergheim	attval for 1 år

Fotograppa:

Lars Sigmund Kleive

Olav Hole

Jostein Bø

Edmund Melkild

Oddbjørn Westnes

Revisorer:

Jarle Løvik attval for 1 år

Helge Bjerkevoll attval for 1 år

Valnemnd:

Odd Jarle Talberg attval for 1 år

Torhill Sellereite attval for 1 år

Sak 7 Fastsetting av kontingent for 2022

Det kom inn eit grunngeve framlegg til styret frå Per Bjørn Ellingseter om å endre kontingenten og prisen på årsskriftet. Framlegget har vore oppe på styremøte i sogelaget og saka vart lagt fram for årsmøtet, der Per Bjørn las opp framlegget og grunngevinga si. Framlegg:

- 1) *Kontingenten, inkl. årsskrift, blir auka frå kr. 220,- til kr. 250,- pr. år, gjeldande frå og med 2022.*
- 2) *Prisen på årsskriftet blir auka frå kr. 270,- til kr 300,- til ikkje-medlemmar, og frå kr. 220,- til kr. 250,- til medlemmar, gjeldande frå og med årsskrift 2021. Prisane på eldre årsskrift blir uendra.*

Endringane i kontingenten og prisen på årsskriftet blei godkjent av årsmøtet slik som det var foreslått.

Sak 8 Eventuelt

Skriftstyret v/Martinus Løvik har tatt opp spørsmålet om digitalisering av tidlegare årbøker på nettet. Det nye styret i sogelaget blei bedt om å sjå nærare på dette. Det nye styret blei også oppmoda til å sjå på om sogelaget bør få ei Facebook-side.

Etter årsmøtesakene fekk dei frammøtte eit flott musikalsk innslag av kulturskuleeleven Noah Malme, som spela to melodiar på piano.

Kaffipause

Etter kaffipausa hadde Martinus Løvik eit interessant foredrag om «Ivar Brovold, mannen og hans verk».

Mary Ellingseter Skram

referent